

Svanhild Kolden

OL og sportsvasking: Maktmisbruk, propaganda og fasade?

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie for trinn 8-13

Rettleiar: Kristian Steinnes

November 2022

Svanhild Kolden

OL og sportsvasking: Maktmisbruk, propaganda og fasade?

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie for trinn 8-13
Rettleiar: Kristian Steinnes
November 2022

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet

Samandrag

Sport har lenge handla om mykje meir enn berre sportslege prestasjonar, bæring av flagg, nasjonalsongar og medaljar. Den sportslege arenaen legg opp til å skape ei meir samansveisa verd der aktivitet og sunn helse står i fokus. På denne måten er sporten ein viktig bidragsyter til dei verdiane vi som menneske vel å følgje fordi den samlar menneske frå heile verda under ei felles interesse. Kva vi ser på som eit idealsamfunn og eit idealmenneske kjem difor godt til uttrykk gjennom sporten. Dette har ført til at fleire nasjonar og aktørar har sett nye måtar å nytte den sportslege arenaen på, måtar som kan bidrege til større pengestrøm, større makt og innflytelse. Då er størrelsen på sportsarenaen nemneverdig, nett fordi sporten verkar som knytepunkt mellom sporten og resten av verda. Her kjem dei olympiske leikane inn. Sidan OL tok til å eksistere har både størrelsen på arrangementet og interessa for det vekse. Fleire statsmakter har innsett kor viktig OL er i danninga av nye internasjonale forbindelsar, samt kor viktig det er i ivaretakinga av gamle, trufaste vennskap. Men i kjølvatnet av dei sportslege prestasjonane har det vokse ei større interesse for å gjere OL om til noko meir enn berre sport, og spesielt blant vertsnasjonane har det utvikla seg ein trend med å nytte seg av vertsrolla si til å stille seg sjølve i eit betre ljøs globalt sett. Vertsland skuldige i grove brot på menneskerettane har i større og større grad nytta seg av vertsrolla til å dekkje over for desse brota og samtidig teikne eit falsk glansbilete på seg sjølve. Dette kallast sportsvasking, og er ein stor trussel for den vidare eksistensen til OL.

Denne oppgåva har som formål å undersøke korleis ulike OL har vore brukt av vertsländ til å drive sportsvasking. Dei valde OL er Berlin i 1936, Moskva i 1980, Vancouver i 2010 og i Beijing i 2022. Gjennom lesing og tolking av ei rekkje fagfelleverderte artiklar vil det vere ein drøftingsdel som viser at vertsländ av dei olympiske leikane i aller høgste grad nyttar seg av rolla si til å drive sportsvasking. Vidare vil det vere ei drøfting rundt korleis OL blir nytta som ein arena der menneskerettar kjem på dagsordenen og at IOC, den internasjonale olympiske komité, har mykje makt til å gjere noko med den negative utviklinga av menneskerettsbrot i OL. Avslutningsvis vil det vere argumenter for at boikotting av OL fungerer som eit motstykke til sportsvasking, men at det òg er vanskeleg å skilje dei to frå kvarandre då boikotting i høg grad går ut på å utøve ytterlegare makt frå dei boikottande aktørane si side for å få fram egne interesser.

Abstract

Throughout time, sports has been concerned with a lot more than just athletic achievements, the carrying of the national flag, national anthems and medals. The sports arena has a way of bringing the world together with a focus on good health and activity. In this sense, sports is an important contributor in reflecting those values we human choose to follow as it gathers people from all over the world with the shared interest for sports. Therefore, our ideas of the ideal society and the ideal human being become expressed through sports. This has led several nations and associations to view the sporting arena as a way of assimilating more financial benefits and influence. In doing so, the size of the sporting arena becomes crucial, as it has the ability to connect the sports with the outside world.

This is where the Olympic Games becomes relevant. Since its origin, both the interest towards the Games and its size has grown tremendously. State powers have realized just how important of a role the Olympic Games has played in creating new international connections, as well as keeping old and traditional friendships alive. However, in the aftermaths of the athletic achievements, the use of the Games in other areas than sports has grown. The honor of being host has led some hosting nations towards using their role as a means to creating a better image of themselves and simultaneously covering up human rights violations and other injustices. This is called sportswashing, a term used to describe when sports are being used as a means to falsely depict a country in a more positive way than the truth reveals, and serves as a great threat towards the continued existence of the Olympic Games.

This paper will examine how different Olympic Games has been used by the hosting countries to conduct sportswashing. The chosen Games are Berlin 1936, Moscow 1980, Vancouver 2010 and Beijing 2022. Through a thorough analysis of peer viewed articles, this paper will demonstrate that hosting countries in fact do exploit their role as host in order to conduct sportswashing, where the cover up of human rights violations happen. Furthermore, there will be a discussion regarding how the Olympic Games has been used as an arena for human rights actions and why the IOC, the International Olympic Committee, has a lot of power to change this negative development of human rights violations in connection to the Olympic Games. Ultimately, there will be a discussion regarding why boycotts of the Games acts as a counterpart to sportswashing, but that it in the end is very challenging to separate those two because boycotting is a way of executing further power in getting the boycotting parties' interests on the agenda.

Innholdsliste

Innleiing	5
Metode	7
Hovuddel	8
OL og sportsvasking: Maktmisbruk, propaganda og fasade?	8
<i>Berlin 1936</i>	<i>8</i>
<i>Moskva 1980</i>	<i>11</i>
<i>Vancouver 2010</i>	<i>13</i>
<i>Beijing 2022</i>	<i>15</i>
OL som arena for menneskerettar	17
Boikotting av OL: Eit motstykke til sportsvasking?	21
<i>Boikotten av OL i Berlin i 1936</i>	<i>21</i>
<i>Boikotten av OL i Moskva i 1980</i>	<i>24</i>
<i>Boikotten av OL i Vancouver i 2010</i>	<i>27</i>
<i>Boikotten av OL i Beijing i 2022</i>	<i>28</i>
Konklusjon	29
Litteraturliste	34

Innleiing

Debattar om kva rolle sport har i verda varierer og vil gje ulike svar ettersom kva utgangspunkt debatten har. Nokre meiner at sporten er upartisk og har inga rolle i politikken i det heile teke, medan andre vil meine at sporten er ein integrert del av måten vi forstår samfunnet og verda på. Sporten er ein mangfaldig arena der vi som samfunn har moglegheita til å utøve god sportsånd samtidig som vi skapar nye forbindelsar på tvers av landegrenser, noko som bitt verda tettare saman. Samstundes, ettersom verda har vorte meir globalisert og vi ser til andre land for både inspirasjon og åtvaring, har sporten vorte ein arena der land kan vise seg fram frå si beste side og derfor òg påverke resten av verda gjennom korleis dei vel å presentere seg. Ein av mange grunnar til at sporten har vorte meir og meir politisk, og difor og meir og meir problematisk, er at sporten kan overdøye og trekkje merksemda bort frå realiteten. Dette er spesielt tilfelle i somme land der store idrettsarrangement blir arrangert, då blant anna dei olympiske leikane.

I ljøs av dette har det kome fram eit omgrep kalla sportsvasking. Det går ut på at eit vertsland for eit sportsarrangement eller ein sportsorganisasjon nyttar seg av vertsrolla si til å trekkje merksemda vekk frå dårlege forhold i vertslandet, som då ofte er brot på menneskerettar eller undertrykking av folkegrupper. Det har særleg vore brukt i forbindelse med OL, då desse leikane ofte krev mange år med arbeid i forkant og då ofte med ei arbeidskraft som anten utnyttar ei spesiell folkegruppe i landet eller som tek landområde som er spesielt utsett. Sportsvasking blir då brukt fordi vertslandet går langt for å dekkje over desse forholda og prøver å reinvaske seg sjølve, ofte med storslåtte seremoniar, arenaer og inkludering av den undertrykte folkegruppa. Når ein snakkar om menneskerettsbrot i samanheng med sporten og OL er det ofte snakk om brot på kjønnslikskapen, yringsfridomen og at alle skal ha like rettar uansett legning og politisk og religiøst ståsted. Det er òg snakk om menneskerettane til dei som står utanfor sporten, altså dei som byggjer arenaene og er frivillige, dei som er sjølve ryggmargen i leikane.¹

OL frontar gode verdiar som vennskap, respekt, fred og menneskerettar.² Leikane skal representere mangfald, inkludering og toleranse, og ein skulle tru at dei som får æra av å vere vertsland var nøydd til å leggje seg innunder denne standarden og nå opp til desse gode

¹ Sæle 2021

² Tulli 2016: 2027

verdiane. IOC, eller den internasjonale olympiske komité, er det leddet i den olympiske organisasjonen som har som oppgåve å undersøke forholda i landet dei vurderer å gje vertsrolla av OL til og passe på at leikane blir nytta til å fremje dei gode verdiane.³ Å halde desse verdiane ved like har likevel bydd på store utfordringar, og OL har i staden vorte ein arena der eigeninteresser, kapital og menneskerettsbrot trumpar dei olympiske verdiane. Fordi OL får så mykje merksemd, er det ein svært passande arena for vertslandet å reinvaske seg sjølve og skape eit falskt glansbilete.

I denne oppgåva skal eg drøfte korleis OL kan bli nytta til sportsvasking. For å undersøke dette har eg med hensikt valt ut tre kontroversielle OL og eitt mindre kontroversielt OL for å rette fokus på oppgåva sitt forskingsspørsmål: *På kva måtar har dei olympiske leikane vorte brukt til å byggje opp eit omdøme og status til vertslandet, og er det mogleg å arrangere eit så storslått sportsarrangement som OL utan å vere skuldig i sportsvasking?* Oppgåva vil vidare vise at IOC spelar ei stor rolle i menneskerettsdebatten kring OL, og at denne rolla ikkje nødvendigvis blir nytta til det fulle.

Denne oppgåva er delt i to delar. Fyrst vil eg ta for meg dei olympiske leikane i Berlin i 1936, Moskva i 1980, Vancouver i 2010 og Beijing i 2022 og gjere greie for den politiske naturen i vertslandet og innstillinga deira og andre aktørar si innstilling til å arrangere OL før leikane sette i gong. Eg vil diskutere ulike avgjerder som vart tekne av styresmaktene i landet og utanforståande for å sikre at landet kom best mogleg ut av vertsrolla. Eg vil òg drøfte korleis dei ulike vertslanda nytta seg av rolla si som arrangør av OL til å drive sportsvasking. OL i Vancouver i 2010 er inkludert som eit motstykke til dei tre andre meir kontroversielle leikane for å sjå nærare på korleis eit meir fredsamt OL gjekk føre seg, og om det i det heile teke er mogleg å kome seg unna sportsvasking uavhengig av kor demokratisk og fritt eit land er.

Den andre delen av oppgåva er ei drøfting av kvifor det er slik at OL blir nytta som ein arena der menneskerettar kjem på dagsordenen og vise at IOC fyrst og fremst har størst makt til å gjere noko med menneskerettsdebatten kring OL. Deretter kjem det ei drøfting om boikotting av OL verkar som eit motstykke til sportsvasking eller ikkje. Den viser at boikott kan vere ein kraftfull reiskap for å hindre sportsvasking og menneskerettsbrot, men at det samstundes kan vere veldig enkelt for vertslanda å manipulere denne trusselen om boikotting til å likevel

³ Henderson 2017: 369

oppnå egne mål. På ei anna side vil det vise at òg dei boikottande aktørane kan drive med sportsvasking ved å nytte seg av retten til å boikotte.

Metode

For å svare på problemstillinga i denne oppgåva er det vorte lest og tolka ei rekkje fagfelleverderte artiklar som tek for seg dei fire olympiske leikane som står i fokus i oppgåva. Fyrst vart det gjort ei sentrering av søkekriteria inne på universitetsbiblioteket Oria til å gjelde OL i dei respektive åra. Ved fyrste augekast var fleire av artiklane svært interessante og til ein viss grad relevante for oppgåvas problemstilling, men dei omhandla heilt andre aspekt ved OL enn det som var målet med denne oppgåva, og løysinga vart å søke meir konkret etter artiklar om menneskerettar og OL. Då kom det færre artiklar, men dei artiklane som fanst gjekk konkret ut på det problemstillinga i denne oppgåva var ute etter. For å sikre validiteten til artiklane var det naudsynt å lese fagfelleverderte artiklar, samt undersøke kven forfattarane av artiklane er og kva fokus dei hadde i artikkelen sin. Dette vart gjort fordi slike ting kan påverke måten artiklane er skrivne på og dermed òg kva som står skrivne, då teksta kan vere farga av forfattarens egne meiningar. Samstundes var det elementært å inkludere OL i Beijing i 2022, fordi til trass for få fagfelleverderte artiklar kring menneskerettane i leikane i 2022 så var det veldig viktig for aktualiteten til oppgåva at Beijing 2022 vart inkludert. Dette fordi desse leikane hende nyleg og gjev ferske tolkingar av notidas måte å nytte seg av OL på, noko som der att viser til om noko har endra seg eller ikkje. Vidare var det òg viktig fordi både reaksjonane på menneskerettsbrota i dei leikane var annleis enn dei tre andre OL analysert i oppgåva, og fordi OL i 2022 hadde betydeleg andre faktorar som bidrog til måten vi tolkar leikane på, då blant anna mediedekning og så vidare.

Avslutningsvis er det relevant å nemne at det fins utruleg mange fagfelleverderte artiklar kring korleis ulike statsmakter har nytta seg av OL til å drive sportsvasking, men det fins få artiklar rundt korleis menneskerettsdebatten passar inn i dette biletet. Dette var ein av grunnane til at denne oppgåva er retta mot menneskerettar i OL og brota på dei, fordi forskingsfeltet ikkje nødvendigvis viser til menneskerettar i analysane av OL. Samstundes er temaet høgst aktuelt om dagen, men VM i fotball i Qatar i slutten av 2022. Det er skrivne tallause nyheitsartiklar om VM i Qatar og fleire andre store sportsarrangement med fokus på menneskerettsbrot, men gjennom å ha arbeidd med denne oppgåva har eg oppdaga at det er naudsynt med fleire fagfelleverderte artiklar kring temaet. Likevel kan det rettast noko merksemd rundt svakheter ved metoden, då oppgåva kunne vore styrka gjennom bruken av

primærkjelder. Dette ville ha belyst aspekt ved historia kring OL og menneskerettar som rein faglitteratur ikkje greier. Slike aspekt er for eksempel kjensler og affeksjon. Likevel er metoden stødig og rettferdig med tanke på dei svara oppgåva har funne på problemstillinga, og mangelen på primærkjelder gjer ho ikkje dårlegare – dei kunne derimot på si side berre ha styrka ho endå betre.

Hovuddel

OL og sportsvasking: Maktmisbruk, propaganda og fasade?

Berlin 1936

I åra før OL i Berlin i 1936 vart sport meir og meir sentralt i statsbygginga i verda, og det hadde oppstått eit stort behov for å samanlikne makt på tvers av landegrensar gjennom sporten.⁴ Makt var ikkje lenger berre trusselen om stor militærmakt og våpenlager, det var i utvikling og fekk innpass i den sportslege verda. Det å ha god fysikk vart fyrst og fremst sett på som ein stor ressurs med tanke på den militære rekrutteringa, noko som sette søkeljoset på idrettar som for eksempel symjing og bryting, med andre ord idrettar som kunne gje fordelar militært sett.⁵ I ei verd der globalisering tok overhand og land skapte forbindelsar langt utover sitt eiga kontinent vart behovet for å vise seg fram frå si beste side endå større, og sporten vart ein arena der dette fekk fotfeste.

Akademikaren Mario Kessler har skrive ein artikkel kalla *Only Nazi Games? Berlin 1936: The Olympic Games between Sports and Politics*, der han analyserer påstanden om at dei olympiske leikane i Berlin i 1936 var «nazistanes leikar».⁶ I dette legg han at det nazistiske regimet i Tyskland brukte leikane som eit instrument for å oppnå større politiske mål, og at det sportslege ikkje nødvendigvis sto i fokus.⁷ Når valet av den olympiske byen for året 1936 skulle falle var IOC samde med dei andre delegatane i avgjerdsprosessen om at Berlin og Tyskland skulle få æra av å arrangere leikane.⁸ Valet skjedde allereie i 1931, heile fem år før leikane skulle arrangerast.⁹ Det å få æra av å vere vertsnasjon for dei olympiske leikane var ei stor tillitserklæring og alle som var involverte var fullt klar over kva slags påverknadskraft ein

⁴ Coates 2017: 218

⁵ Coates 2017: 218

⁶ Kessler 2011: 126

⁷ Kessler 2011: 126

⁸ Kessler 2011: 125

⁹ Kessler 2011: 125

hadde om ein fekk sjansa til å invitere resten av verda til ein storslagen fest i sitt eiga land. Fleire akademikarar, blant anna Arnd Krüger og David Clay Large, har studert Hitler og hans hensikt med å ville arrangere OL nettopp i 1936, og kome fram til at han på ei side ynskte å gjere seg meir populær blant sitt eiga folk og såleis konsolidere makta si i Tyskland.¹⁰ På ei anna side viser desse studia at Hitler òg ville forsøke å kamuflere dei faktiske forholda i Tyskland under hans styre, noko som viser til eit ynskje om å nytte dei olympiske leikane til å framstille riket sitt i eit anna ljøs enn det som eigentleg var realiteten.¹¹

Det er naudsynt å inkludere IOC når ein skal undersøke kor langt Hitler gjekk for å i det heile teke bli tildelt OL i Berlin og samstundes nytte komiteen si til eiga vinning. Kessler skriv om korleis IOC truga Hitler og naziregimet med å flytte leikane ut av Berlin dersom dei ikkje inkluderte jødane og mørkhuda atletar.¹² Dette var ein direkte reaksjon på naziregimets openlyse utestenging av desse folkegruppene, og IOC ville ikkje ha noko av at dei olympiske leikane i Berlin vart nytta til å undertrykke enkelte menneske, dei ville at alle skulle behandlast likt.¹³ Hitler sa seg einig i alle reglane til IOC då han var svært bekymra for korleis det ville ta seg ut på verdsbasis om han valde å seie nei og dermed miste sjansa til å arrangere OL.¹⁴ Det å stengje ute folkegruppene som naziregimet var så fundamentalt imot var altså ikkje like viktig som å få sjansa til å vise seg fram på ein global arena. På den eine sida vart altså IOC ein sterk pådrivar for at undertrykte folkegrupper i Tyskland skulle få delta i OL, og dei bidrog såleis til ei meir inkluderande og rettferdig verd. På den andre sida la Hitler og naziregimet seg under retningslinjene til IOC med den hensikt å få kunne arrangere OL i Berlin, og kva intensjonar dei måtte ha om å skulle arrangere OL kunne ikkje IOC leggje seg meir bort i så lenge Tyskland på papiret gjorde alt etter regelboka. Eit konkret eksempel på korleis det å skulle få arrangere OL i Berlin sto høgare enn naziregimets grunnleggjande kampsaker er det faktum at presidenten i IOC, Theodor Lewald, sjølv var fleiretnisk og dermed eigentleg ein fiende av nazistane.¹⁵ Det viktige her er at dette ikkje stoppa Hitler i frå å nytte Lewalds posisjon i komiteen til eiga vinning, og hans internasjonale kontaktar sto så høgt at han vart godteken av nazistane.¹⁶ Samstundes var propagandaen ein sterkt verkemiddel frå naziregimets side, og dei spreidde løgner om at dei ikkje var skuldige i den

¹⁰ Kessler 2011: 125

¹¹ Kessler 2011: 125

¹² Kessler 2011: 126-127

¹³ Kessler 2011: 126

¹⁴ Kessler 2011: 127

¹⁵ Kessler 2011: 127

¹⁶ Kessler 2011: 127

daglege forfølginga av jødane i Tyskland.¹⁷ Fleire tyskarar var svært villige til å ignorere den politiske realiteten i landet sitt til fordel for medaljesuksessen som Tyskland hadde under OL.¹⁸

Vidare såg nazistane på OL som den perfekte arenaen til å framstille det «nye» og «friske» Tyskland.¹⁹ Med bakgrunn i nazismen og det nazistiske synet på det perfekte mennesket så er det forståeleg kvifor nettopp tyskarane ville vise seg fram på den sportslege plattformen. Ein kan tenkje seg at det ikkje berre var omdømet som ein suksessfull stat med mange medaljehåp som freista naziregimet, men omdømet som ein stat full av sunne, sterke og atletiske menneske som var over gjennomsnittet på omtrent alt som var av betydning. Å få vist fram kva Tyskland var laga av gjennom sporten og OL skulle ein ikkje ta lett på, og naziregimet i 1936 var fullt klar over dette. Vidare er Dennis C. Coates blant dei akademikarane som meiner at leikane i Berlin i 1936 var meint å styrke og spreie nazismen til resten av verda.²⁰ Ein annan akademikar, Scott Venters, forklarar Hitlers OL i Berlin i 1936 som den perfekte internasjonale «iscenesetjinga» av Hitlers ideal-Tyskland.²¹ Ein kan tolke dette utsaknet som at Hitler fekk moglegheita til å fremje eiga syn på den perfekte stat og korleis den perfekte innbyggjar såg ut, og på denne måten subtilt implementere tankegangen om at det var slik vi alle skulle sjå ut og oppføre oss. Eit lydig, atletisk og sunt menneske var målet, og sjølv om det ikkje var like tydeleg for resten av verda kva planar Hitler hadde for framtida, var det ein måte å snike propaganda og politikk inn i sporten på, utan å gjere det openbart. Venters har og peikt på korleis OL i Tyskland vart nytta til å vise fram det tyske flagget, tyske songar, uniformer og andre ting som skulle påverke tilskodarane under OL.²² Naziregimet var opptekne av å vise det tyske, og ikkje minst samhaldet og trufastheita tyskarane hadde til nasjonen sin og flagget.²³

Akademikaren Sandra Heck har teke for seg den tyske framstillinga av dei tyske utøvarane under OL, noko ho meiner seier mykje om naziregimets hensikter bak det å skulle arrangere OL.²⁴ Spesielt øvinga femkamp hadde stor betydning for naziregimet, då den vart sett på som

¹⁷ Kessler 2011: 139

¹⁸ Kessler 2011: 139-140

¹⁹ Kessler 2011: 127

²⁰ Coates 2017: 216

²¹ Venters 2016: 57

²² Venters 2016: 63

²³ Venters 2016: 63

²⁴ Heck 2011: 256

sporten til offiserar og ein direkte refleksjon av landets militære kapasitet, sjølve ryggraden i ein sterk stat.²⁵ Denne øvinga vart sett på som «kronjuvelen» og ein representasjon av det som var den «ideelle kjemparen».²⁶ Nazistane såg på femkampen som ein sport som krev soldatliknande eigenskaper, slik som sjølvkontroll, mot, maskulinitet og sjølvtilitt.²⁷ Det som var krava til ein god soldat var eit spegelbilete av det som var krava til ein god sportsleg utøvar, med andre ord.²⁸

Utifrå Heck sine observasjonar ser vi at naziregimet ynskte å prestere i OL for å vise fram kor friske og sterke tyskarane var av natur og at det automatisk betydde at dei var eit folkeslag med eit sterkt militære. Likevel er det enkelt å peike på dette i etterkant av dei olympiske leikane i og med at vi no veit kva planar Hitler og naziregimet hadde for framtida, og sjølv om det kan verke som ynskjetenking at sportsleg dominans er lik militær dominans, så var det jo nettopp dette inntrykket som naziregimet ville skape med å få arrangere dei olympiske leikane. For det var ikkje nok å berre delta i eit OL kvar som helst i verda, det ville sjølvsgatt gjeve eit liknande inntrykk av suksessen til dei tyske utøvarane, men når vertslandet er «eigarane» av desse suksessfulle, sterke utøvarane så blir det store biletet av dominansen tydelegare.

Likevel kan ein ikkje seie at Hitler låg godt an til å konsolidere makta si på verdsbasis gjennom å få arrangere OL i og med at naziregimet gjekk i mot svært mange og viktige rettar, ein statspolitikk som svært få statar sa seg samde i. Det var altså ikkje mykje makt å konsolidere, men det var på andre sida mykje makt og innflytelse å spreie. Dei forsøkte så godt dei kunne å ivareta alle tilskodarar og deltakar under leikane, og naziregimet gjorde alt dei kunne for å unngå å gjere noko feil slik at fasaden vart avslørt.²⁹

Moskva 1980

Det var mange som var i mot tildelinga av OL til Moskva på grunn av menneskerettsbrot og urolege tilstander i landet, og fleire i IOC var sterkt for at Moskva måtte ordne betre menneskerettar for sine borgarar før dei i det heile teke skulle bli tildelt leikane.³⁰ Når det

²⁵ Heck 2011: 258

²⁶ Heck 2011: 261

²⁷ Heck 2011: 261

²⁸ Heck 2011: 261

²⁹ Kessler 2011: 139

³⁰ Tulli 2016: 2028

etter kvart vart bestemt at leikane skulle falle på Moskva, skapte dette sterke reaksjonar rundt omkring i verda.³¹ Ikkje overraskande gjekk desse reaksjonane ut på misnøye over at Sovjetunionen, som var kjend for å vere ein svært undertrykkande stat med grove menneskerettsbrot, skulle få arrangere dei olympiske leikane.³² Dei var blant anna skuldige i å ha invadert Afghanistan og sett i gong ein krig for å sikre og utvide sine eigne politiske og territoriale interesser.³³

Tida etter den kalde krigen var difor svært viktig for Sovjetunionen, som med dei fleste andre landa i verda, då mykje handla om å byggje opp att truverdige forbindelsar over landegrensar og vinne att lojalitetar. Sovjetunionen nytta seg av rolla som vertsnasjon til å markere seg som eit stormakt i verda.³⁴ Landet såg si sjanse til å forbetre omverda sitt syn på dei etter den kalden krigen med å få arrangere OL, då dei gjennom vertsrolla ville få sjansa til å nytte seg av sosial konstruktivisme til å skape eit betre bilete på seg sjølve.³⁵ Det gjekk ut på at Sovjetunionen kunne nytte seg av å spegle oppførselen og haldningane til dei andre landa i verda og slik skape eit falskt bilete på seg sjølve.³⁶ Vertsrolla vart det perfekte skalkeskjulet i så måte fordi Sovjetunionen fekk sjansa til å reinvaske seg sjølve frå den historia som landet hadde.

Både invasjonen i Afghanistan og rolla som vertsland for dei olympiske leikane i 1980 handla om ære og identitet for Sovjetunionen, og begge var bevisste ledd i utanrikspolitikken til landet.³⁷ Samstundes gjekk Sovjetunionen langt for å sikre at sannheita kring menneskebrota og dei forferdelege realitetane kring invasjonen av Afghanistan ikkje vart kringkasta verda rundt. Blant anna tok dei sterke grep for å avgrense all vestleg påverknad som hadde fokus på menneskerettane i Sovjetunionen.³⁸ Dei var svært nøye med kven som skulle få tilgang til leikane deira, og spesielt kven som skulle få fortelje resten av verda om leikane.³⁹

Sovjetunionen hadde altså fleire mål med vertsrolla si. På ei side ville dei nytte den storslagne scena som OL er til å glorifisere landets ressursar og kvalitetar, og på den andre sida ville dei

³¹ Tulli 2016: 2029

³² Tulli 2016: 2029

³³ Kramavera & Grix 2018: 1408

³⁴ Kramavera & Grix 2018: 1408

³⁵ Kramavera & Grix 2018: 1409

³⁶ Kramavera & Grix 2018: 1409

³⁷ Kramavera & Grix 2018: 1410

³⁸ Tulli 2016: 2033

³⁹ Tulli 2016: 2033

samle så stor oppslutning blant utanrikspolitikken sin som i det heile teke mogleg, samt styrke posisjonane til dei rike og mektige i landet.⁴⁰ Det er fleire teikn på at Sovjetunionen såg på OL og sporten som den ultimate måten å tileigne seg verdas tillit på, og at sporten skulle vere Sovjetunionens måte å vise ynsket om fred og gjensidig respekt på.⁴¹ Her ser vi tydelege teikn til sportsvasking, då Sovjetunionen hadde klare politiske og økonomiske mål og interesser med å skulle arrangere OL. Med det er ei fin linje mellom å skulle nytte arrangørrolla til å sende positive signaler og å bli offer for den store publisiteten som kan avdekke og spreie sannheita.

Vancouver 2010

Dei olympiske leikane i Vancouver i 2010 var langt i frå så kontroversielle som dei tre andre leikane analysert i denne oppgåva. Dette er lett å sjå allereie ved fyrste augekast på overskriftene til artiklane skrive om OL i Vancouver, då dei i stor grad er positive og hyllande til det suksessfulle arrangementet. Med utdelinga av OL til Vancouver var IOC innan 2010 vorte meir og meir bevisst på kva slags verdiar, rettar og samfunn vertslanda av OL skulle representere.⁴² Vancouver hadde desse kvalitetane på plass, men innanlands var landet delt i to når det kom til avgjerda om å skulle arrangere leikane. På den eine sida var dei som meinte at tida var moden for at landet tok steget opp på den store scena og synte seg fram.⁴³ Òg i Vancouver forsto dei påverknadskrafta dei olympiske leikane hadde til å setje Vancouver på kartet og gje andre land eit inntrykk av at dei var av verdi for resten av verda.⁴⁴ På den andre sida var dei som såg på vertsstatusen med skepsis fordi dei meinte at sjølve prosessen med å byggje arenaer og stader der folk skulle bu under leikane ville gå på kostnad av utviklinga av næringslivet og lokalsamfunna i Vancouver.⁴⁵ Det var altså både reelle utfordringar og moglegheiter ved å skulle arrangere OL, og dei var ikkje redde for å ta diskusjonen høgt og tydeleg for å sikre at alle partar i prosessen hadde rettar og tryggleik på plass frå start til slutt.

Kostas Karadakis og Kiki Kaplanidou har teke for seg ringverknadene av å vere vertsland for OL, og peikar noko openbart på at det ikkje berre er sjølve vertsbyen som opplev verknadene av leikane, men og heile landet.⁴⁶ Følgjene er anten positive eller negative, og eit stort

⁴⁰ Kramavera & Grix 2018: 1412

⁴¹ Kramavera & Grix 2018: 1412

⁴² Wuly et al. 2013: 2074

⁴³ Wuly et al. 2013: 2074

⁴⁴ Wuly et al. 2013: 2074

⁴⁵ Wuly et al. 2013: 2075

⁴⁶ Karadakis & Kaplanidou 2012: 243

moment i planlegginga av OL er korleis det påverkar dei som allereie bur i området leikane skal gå føre seg.⁴⁷ Såleis var Vancouver betre enn mange av sine føregjengarar, då dei tenkte på nettopp dette då dei diskuterte bygging og tilrettelegging av arrangementet. Det betydde at OL i Vancouver allereie låg godt an til å handtere rolla si som vertsland godt. Det var stor interesse for å nytte seg av vertsrolla til å skape eit idealbilete på Vancouver som eit multikulturelt, foreina og trygt samfunn.⁴⁸ Dette var i store trekk ein reaksjon på krigane i verda samt nokre mindre konflikhtar innanlands, og ikkje minst terrorangrepet 11. september 2001.⁴⁹

Likevel, sjølv om OL i Vancouver i 2010 er sett på som eit svært fredeleg og rettferdig OL, fins det derimot argumenter for at dette OL, som så mange andre OL før, var ei brikke i eit større globalt spel der Canada var ein kontroversiell aktør. Her kjem Canadas rolle i krigen mot Afghanistan inn. Fleire har sett på dei olympiske leikane i Vancouver som eit dekke for den aktørrolla som canadiarane spelte i ein svært alvorleg krig der brot på menneskerettar og krigslovar tok plass.⁵⁰ Lisa McDermott og Jay Scherer har skrive ein artikkel kalla *The 2010 Vancouver Olympics and Canada's War in Afghanistan: The Intersection of Sporting Spectacle and the Politics of Precariousness*, og argumenterer for at OL i Vancouver i 2010 var ein del av myndigheitene i landet sin større plan for å dekkje over krigen og klagane på krigsbrot.⁵¹ McDermott og Scherer argumenter for at Canada nytta seg av vertsrolla og den merksemda som OL bringer med seg til å på ei side styrke egne interesser på verdsbasis gjennom krigen i Afghanistan, og på ei anna side til å styrke oppslutninga heime i Canada.⁵² For krigen hadde gjort myndigheitene i Canada svært upopulære, og i frykt for å miste både støtte og veljarar så kom vertsrolla på eit godt tidspunkt då myndigheitene fekk ei gylden moglegheit til å hente seg inn att gjennom leikane. For vertsrolla inneber ei glorifisering av vertslandet på alle område, alt frå den politiske arenaen til dei kulturelle og sosiale områda. Det trekkjer fokuset vekk frå dei kritikkverdige handlingane som myndigheitene står bak og retter fokuset på alt som er positivt ved landet, og sportsvaskinga blir såleis ein integrert del av vertsrolla. Det er fokus på ei sterk nasjonalkjensle og stoltheit til flagget, to ting som sporten bidreg til i aller høgste grad. Nasjonalsongen og utøvarar som yter til medaljar av det

⁴⁷ Karadakis & Kaplanidou 2012: 243

⁴⁸ McDermott & Scherer 2019: 321

⁴⁹ McDermott & Scherer 2019: 321

⁵⁰ McDermott & Scherer 2019: 318

⁵¹ McDermott & Scherer 2019: 318

⁵² McDermott & Scherer 2019: 322

mest edle metall har evna til å overskygge det meste. Leikane i Vancouver var i stor grad knytt til alt dette, og sjølv kor fredfullt og demokratisk eit land er så vil sporten vere knytt til sterke politiske og økonomiske verksemder, spesielt når heile verda ser på.⁵³

Beijing 2022

Då det vart kjend at Kina og Beijing skulle få æra av å arrangere OL i 2022 kom det fleire negative reaksjonar.⁵⁴ Kritikken kom på den eine sida som ein reaksjon på at det verka urealistisk og direkte helsefarleg å skulle arrangere OL midt i ein pandemi, ettersom COVID-19 framleis herja rundt omkring i verda.⁵⁵ På den andre sida var Kina kjend for å bryte menneskerettane nedfelt i IOC. Akademikar Jules Boycoff argumenterer i sin artikkel *Framing the Games: US Media Coverage of the Beijing 2022 Winter Olympics* for at heile bakgrunnen for at Kina fekk OL i 2022 var fordi fleire demokratiske nasjonar, blant anna Noreg, valde å trekke seg som ein konsekvens av at dei olympiske leikane har fått eit dårlegare rykte gjennom åra.⁵⁶ IOC president Thomas Bach gjekk så langt som å seie at han var sikker på at Kina kom til å ta vertsrolla si på alvor og at det var å rekne som eit sikkert val.⁵⁷ Med IOC i ryggen hadde altså Kina stor grunn til å tru at dei skulle greie nytte leikane til eiga vinning.

Artikkelen til Boykoff fokuserer på den amerikanske dekninga av dei olympiske leikane i OL, og ein er nøydd til å ha det i bakhovudet når ein analyserer artikkelen då det vil ha sin effekt på måten leikane i Beijing i 2022 blir framstilt på. Fram mot 2022 så var Kina godt på veg mot å bli ei stormakt i verda, og den offentlege dekninga gjennom media og TV ville utan tvil vere ein sterk bidragsytar til at leikane i Beijing vart kringkasta til heile verda.⁵⁸ Kina har i lang tid hatt store spenningar med andre land i verda, då spesielt i Europa, og leikane i Beijing i 2022 synte som så mange andre OL at leikane var sentrert rundt utruleg mykje meir enn berre sportslege prestasjonar.⁵⁹ Kanskje var det enda viktigare for nettopp Kina å skulle hevde seg på den sportslege arenaen når dei fekk sjansa til å vere vert, basert på det faktum at sporten betyr mykje for det sosiale og kulturelle livet i Kina.⁶⁰ Det omhandlar nasjonsbygging

⁵³ McDermott & Scherer 2019: 339

⁵⁴ Boykoff 2022: 1-2

⁵⁵ Boykoff 2022: 1-2

⁵⁶ Boykoff 2022: 2

⁵⁷ Boykoff 2022: 2

⁵⁸ Boykoff 2022: 2

⁵⁹ Boykoff 2022: 2

⁶⁰ Boykoff 2022: 5

og sosial forandring, med andre ord prosessar som tek lang tid. For Beijing vart den fyrste byen som nokon sinne har arrangert både vinter-OL og sommar-OL, og dette nytta Kina seg av.⁶¹ Dei ville nå opp til den høge statusen mange vestlege land har.

Akademikaren Jung Woo Lee har analysert innspurten til dei olympiske leikane i Beijing i 2022 og funne bevis på at dei i stor grad nytta seg av vertsrolla si til å fremje eit bilete på ein «privilegert» og «elitær» stat.⁶² Han argumenterer for at Beijing ville bruke rolla si til å imponere tilskodarane, og at OL var ein passende arena å gjere nettopp det på.⁶³ Dei olympiske leikane i Beijing i 2022 skulle vere eit vinter-OL, og den politiske forskaren David Black har kome med studiar som viser at vinter-OL har mindre politisk vekt enn sommar-OL, noko som i fyrste augekast ikkje verkar særleg nemneverdig.⁶⁴ Men det har noko å seie dersom ein ser på korleis eit vertsland nyttar seg av vertsrolla si for å setje seg sjølv i eit betre søkeljos, då det vil påverke kva slags menneske av høg rang som er til stades. På den andre sida har vinterleikane høgare prestisje i form av at det ikkje er alle som kan kvalifisere seg som vertsland, og det er ofte synonymt med luksus og eksklusivitet, noko OL i Beijing 2022 tok fullt nytte av.⁶⁵ Lee går vidare i sin argumentasjon for at Kina var skuldige i sportsvasking med å seie at OL i Beijing 2022 frå starten av låg an til å bli eit rikmannsarrangement tilpassa og kringkasta for å vise velstand og makt, og at dei nytta seg av rolla si til å konsolidere si makt på verdsbasis.⁶⁶

Menneskerettsbrota i Kina kom naturlegvis opp i dagsljøs når heile verda retta synet sitt mot Beijing, og spesielt undertrykking av uygur-muslimane fekk stor merksemd.⁶⁷ Det føregjekk nemleg grove menneskerettsbrot mot den religiøse minoriteten og andre minoritetar i byen Xinjiang.⁶⁸ Sjølv meinte Kina at dei hendingane som var knytt til uygurane ikkje gjaldt menneskerettar men i staden kampen mot terrorisme og framandfrykt.⁶⁹ Det kan verke som at Kina var veldig klar over korleis dette folkemordet kunne påverke gjennomføringa av leikane i Beijing, men òg korleis det kom til å framstille Kina som stat. I samband med folkemordet var opningsseremonien i Beijing eit stort teikn på at Kina var skuldige i sportsvasking.

⁶¹ Boykoff 2022: 5

⁶² Lee 2021: 1495

⁶³ Lee 2021: 1495

⁶⁴ Lee 2021: 1496

⁶⁵ Lee 2021: 1496

⁶⁶ Lee 2021: 1508

⁶⁷ Boykoff 2022: 5

⁶⁸ Eichensehr 2022: 433

⁶⁹ Eichensehr 2022: 438

Opning- og avslutningsseremoniane i OL har ei tradisjonsrik historie og eit rykte på seg for å vere storslagne og spektakulære.⁷⁰ Det er her grunnlaget for resten av dei komande dagane og vekene i OL blir lagd, og vertslandet har ei gylden moglegheit til å presentere kulturen sin gjennom denne seremonien.⁷¹ Lee skriv om at vertslanda ofte inviterer høgt profilerte menneske til desse seremoniane for å vise vennskapet dei har til dei innverknadsrike menneska som deltek.⁷² Dei som følgde med på opningsseremonien av leikane i Beijing i 2022 fekk sjå at det var ein uygurar som tende OL-elden, eit ekstremt politisk trekk i frå den kinesiske stat. Det synta til at Kina var veldig klar over søkeljoset som vertsrolla hadde gjeve dei og at heile verda kom til å følgje med på korleis dei takla rolla si. Det å gje ein uygur den ærefulle rolla med å tenne OL-elden skulle nok i kinesiske augo sende ut eit signal til resten av verda om at folkemordet mot uygurane var oppspinn og at dei inkluderte urfolket på beste måte i samfunnet. Kina var innstilt på å nytte seg av vertsrolla si til å skape eit glansbilete på landet, og dei, som Hitler i Berlin i 1936, var ikkje redd for å gå i mot eigen ideologi og politikk for å skape eit falskt bilete på ein moderne, demokratisk stat for å få dei positive ringverknadene dei håpa OL ville gje.

OL som arena for menneskerettar

Dei olympiske leikane legg til rette for at menneskerettsorganisasjonar og andre humane grupper legg press på vertslandet, spesielt dersom vertslandet er skuldig i brot på menneskerettane.⁷³ Dette til tross for at IOC har lovar som seier at OL ikkje skal brukast som ein arena der politiske eller religiøse demonstrasjonar skal finne stad.⁷⁴ Ein organisasjon kalla Human Rights Watch, eller HRW, har dei siste tiåra vore i førarsetet for å gjere dei olympiske leikane om til ein arena der menneskerettar står i fokus.⁷⁵ Dette fordi dei, som så mange andre organisasjonar, ser moglegheitene med å spreie budskapet sitt til fleire menneske og land ved å blande seg inn i OL.⁷⁶ Akkurat kvifor menneskerettsdebattar oppstår ved store sportsarrangement har ikkje vorte undersøkt særleg godt.⁷⁷ Dette gjer forskingsområdet svært spanande, men samstundes like utfordrande. For sjølv om det ikkje det har vorte forska så mykje på så har jo framleis menneskerettsdebattar eksistert i store sportsarrangement nesten

⁷⁰ Lee 2021: 1495

⁷¹ Lee 2021: 1495

⁷² Lee 2021: 1496

⁷³ Keys 2018: 415

⁷⁴ Boykoff 2011: 49

⁷⁵ Keys 2018: 416

⁷⁶ Keys 2018: 416

⁷⁷ Keys 2018: 417

så lenge sporten har eksistert. Derfor vil ein finne nokre svar ved å analysere ulike OL og sjå samanhangar og trendar, og det vil vere naudsynt å halde fokuset på korleis vertslanda nyttar seg av vertsrolla si då dette vil seie meir om kvifor dei gjer som dei gjer, og kva dei forsøker å reinvaske seg for. Men vertslanda står ikkje aleine om å handtere ansvaret med å arrangere OL, dei har blitt tildelt den rolla av nokon som meiner at dei er godt eigna til å arrangere dei olympiske leikane. Den rolla har dei fått i frå IOC.

IOC er som sagt det leddet i den olympiske organisasjonen som har som oppgåve å undersøke forholda i landet dei vurderer å gje vertsrolla av OL til, men det er ingen spesifikke krav til kor gode menneskerettsforholda skal vere i det eventuelle vertslandet.⁷⁸ Like viktig er det faktum at det heller ikkje er noko krav til at vertslandet behandlar menneska som skal leggje til rette for leikane i høve til menneskerettane.⁷⁹ Dette skapar store utfordringar med å halde kontroll på korleis vertslandet nyttar seg av, eller rettare sagt utnyttar, ulike menneske for å kome i mål med leikane. Dette gjeld då spesielt bygging av dei aktuelle sportsarenaene og områda. Bygging av arenaer og liknande er noko av det som provoserer mest når det kjem til menneskerettsperspektivet då desse prosessane ofte krev menneskeliv. Ikkje berre er det menneskeliv som går tapt, men det er ofte dei låkast stilte i samfunnet som blir offer for slike hendingar då dei er sett på som ei stor og billig arbeidskraft. Det er her minoritetane kjem inn. IOC er handhevar av at dei olympiske leikane skal bestå av nestekjærleik, respekt og toleranse, og er sterkt imot all slags diskriminering, men likevel er det ingenting i IOC som aktivt tek vare på beskyttelsen av menneskerettar før, under og etter OL, då heller ikkje til den mest sårbare gruppa.⁸⁰

For når ein snakkar om kvifor OL har vorte ein arena for menneskerettsdebattar er ein nøydd til å inkludere den folkegruppa som nesten alltid blir utnytta og trakka på, nemleg minoritetane.⁸¹ Som nemnd tidlegare så kan presset med å vere vertsland føre til at fokuset på å ta vare på og sikre sine egne innbyggjarar med for eksempel bustader, helsetenester og vern av naturområde falle vekk. Ikkje minst får dei som allereie er nedst på rangstigen i samfunnet endå mindre, og spesielt urfolket kan oppleve alvorlege brot på menneskerettar på ein dagleg basis, uavhengig om det skal arrangerast OL eller ikkje.⁸² Her er det viktig å nemne at statar

⁷⁸ Henderson 2017: 369

⁷⁹ Henderson 2017: 369

⁸⁰ Henderson 2017: 372

⁸¹ Henderson 2017: 368

⁸² Henderson 2017: 368

og andre sportsorganisasjonar har eit ansvar om å beskytte urfolket i vertslandet.⁸³ For urfolket burde beskyttast på same måte som alle andre menneske i eit land, men historisk så har urfolk rundt omkring i verda opplevd trakassering, forsømming og diskriminering. Difor er det viktig å nemne urfolket når ein snakkar om menneskerettar i OL fordi det ikkje er nokon i IOC som arbeider for å beskytte menneskerettane til urfolket.⁸⁴ Det er svært problematisk at ein olympisk komité ikkje strekkjer seg lengre for å beskytte dei som kanskje kjenner dei negative ringverknadene av OL mest. Det er på eit internasjonalt nivå oppretta ei erklæring som arbeider for urfolkets rettigheter.⁸⁵ IOC krev at vertslanda legg til rette for at dei olympiske leikane reflekterer dei universale menneskerettane, men kvart enkelt vertsland har framleis moglegheita til å skape sine egne lovar når det kjem til for eksempel utvisning frå landet og endringar i arbeidsloven, slik det passar dei.⁸⁶ Det er difor svært vanskeleg for dei olympiske leikane å halde seg «reine» når kvart enkelt land kan gjere nesten slik dei føler for å få det som dei vil.

Frå IOC si side fins det likevel eit tiltak som er til for å førebu vertsland på vertsrolla, nemleg sjølvje tildelingsprosessen. Den tek i gong nesten ti år før leikane skal finne stad, og vertslandet får rolla si omtrent sju år før det fyrste startskotet i leikane går.⁸⁷ Dette kan på den eine sida fungere som eit bevisst steg på vegen for å gje vertslanda tid til å forbetre menneskerettsforholda i landet fram mot OL, om det er noko å forbetre. På ei anna side kan det gje vertslandet meir tid til å planlegge og dekkje over dei faktiske forholda i landet ved å vere tidleg ute. For vertslanda er veldig klar over dei globale konsekvensane som kjem med å arrangere OL, og det har utvikla seg ein trend med å prøve å overgå det førre OL og det førre vertslandet.⁸⁸ Dette går hardt utover både infrastrukturen og økonomien til vertslandet, og det har vorte funne tydelege bevis på at kostnadene blir betydeleg høgare enn fordelane.⁸⁹

Vidare har det oppstått ei ny utfordring i samband med utdeling av OL til land og det dårlege ryktet som vertslanda ofte får på seg. Det har oppstått ein trend no i dei seinare åra der fleire og fleire kandidatar til vertsrolla har trekt seg ut av kampen om å få arrangere OL nettopp

⁸³ Henderson 2017: 386

⁸⁴ Henderson 2017: 384-385

⁸⁵ Henderson 2017: 385

⁸⁶ Henderson 2017: 389

⁸⁷ Henderson 2017: 372

⁸⁸ Henderson 2017: 367

⁸⁹ Henderson 2017: 368

fordi vertsrolla er knytt til så sterke diskusjonar kring menneskerettsbrot og dårlege vilkår.⁹⁰ Dette er eit problem i seg sjølv i og med at truverdigheita til OL blir betydeleg svekka, og at leikane står i fare for å ruinere seg sjølve. På den andre sida vil berre dei mest kontroversielle landa stå att som moglege arrangørar når land som kanskje ikkje har så mykje å skjule men som er redde for at noko skal øydeleggje det gode imaget dei allereie har byrjar å melde seg ut.⁹¹ Dei kontroversielle landa veit at dei allereie er skuldige i å bryte mange av menneskerettane og andre vilkår som legg til rette for eit godt liv for sine innbyggjarar, og ser på OL som den eine sjansa dei har til å ein gong for alle leggje lokk på dette og skape eit nytt bilete på seg sjølve. Om denne trenden fortsett så vil OL og sportsvasking til slutt vere synonymt med alt som er negativt, og sporten vil ende opp med å vere ein spelegrunn for dei verste statsmaktene i verda.

På ei anna side legg sportsvasking i OL òg opp til nokre etiske problem. Dette fordi omgrepet sportsvasking kan vere både positivt og negativt ladd, og på same måte kan sportsvasking i OL vere både positivt og negativt. På ei side står dei vertslanda som veit at dei har alt for dårlege menneskerettsforhold i landet og ser på vertsrolla som ei gylden moglegheit til å reinvaske seg sjølve.⁹² Samstundes er sportsvasking og OL, i motsetnad til OL og menneskerettsbrot, ikkje nødvendigvis noko negativt i og med at ikkje all sportsvasking er negativt på same måte som at alle menneskerettsbrot er negativt. For på den andre sida står dei vertslanda som faktisk har som mål å nytte OL som eit «utstillingsvindauga» på ein positiv måte for å opprette sterke, positive og nye forbindelsar på tvers av landegrenser, anten det er politisk, økonomisk eller kulturelt.⁹³ For det er ingen løyndom at sporten er ein av verdas største samlingspunkt, då den samlar menneske frå rundt omkring i heile verda som alle deler den same entusiasmen kring sportsglede og samhald. For sporten betyr samhald, det betyr å heie fram sin eigen nasjon og å stå saman i medgang og motgang. Det er underhaldning på høgste nivå og dreg millionar av tilhengjarar til ulike sportsarrangement året rundt. Den økonomiske delen overskyggjer ofte det menneskelege, fordi alt kostar pengar. Sponsorar, marknadsføring, komitear og bygging kostar mykje pengar. Det er difor sportsvasking er eit etisk dilemma, for på den eine sida treng sporten pengane til å skape

⁹⁰ Henderson 2017: 380

⁹¹ Henderson 2017: 380

⁹² Sæle 2021

⁹³ Sæle 2021

arbeidsplasser, spreie sportsglede og generelt eksistere, men på den andre sida er sportsvasking alt for tett knytt til negative eigeninteresser og menneskerettsbrot.⁹⁴

Dette bidreg til at dei olympiske leikane, i likskap med mange andre store sportsarrangement, ofte er å finne i same setning som økonomisk vinning og autokrati.⁹⁵ Med dette meiner ein at makta ligg fullt og heilt hjå ein person eller eitt organ.⁹⁶ Dette skapar openbare fallgruver då viktige demokratiske element som yringsfridom, deltaking i politiske avgjerder og generell fridom frå diskriminering blir lagt vekk. At OL har vorte synonymt med slike ting er eit stort problem då sporten, som i utgangspunktet representerer gode, demokratiske verdiar, blir nytta til å fremje politiske verksemder som ikkje har noko som helst med det sportslege å gjere. Meir problematisk er det faktum at det i 2018 endå ikkje var teke bevisste steg frå IOC si side om å sjå nærare på menneskerettsforholda i det eventuelle vertslandet.⁹⁷ Dette er svært oppsiktsvekkande i og med at det har vore såpass mange kontroversielle OL sidan leikane fyrst tok til, og det gjer det enklare for vertslanda å drive sportsvasking fordi det ikkje finst noko «politi» eller nokon autoritær handhevar for menneskerettar i OL. Då er det ikkje så rart at så mange frivillige organisasjonar og andre aktørar tek saken i egne hend og frontar menneskerettskampen sjølve. Likevel er sportsvasking eit så utbreidd problem at det er vanskelege for små og store organisasjonar å gjere stort nok inntrykk på vertslanda og IOC til at det blir gjort noko med det. Men det fins nokre måtar å vise vertsland at ein er ueinig i måten dei nyttar seg av vertsrolla si på, og det er boikotting.

Boikotting av OL: Eit motstykke til sportsvasking?

Boikotten av OL i Berlin i 1936

Det er naudsynt å inkludere IOC i diskusjonen om boikotting er eit sterkt motstykke til sportsvasking eller ikkje. I OL i Berlin truga IOC Hitler og naziregimet med å flytte leikane ut av Berlin dersom dei ikkje inkluderte jødane og mørkhuda atletar.⁹⁸ Dette var ein direkte reaksjon på naziregimets openlyse utestenging av desse folkegruppene, og IOC ville ikkje ha noko av at dei olympiske leikane i Berlin vart nytta til å undertrykke enkelte menneske, dei ville at alle skulle behandlast likt.⁹⁹ Hitler sa seg einig i alle reglane til IOC då han var svært

⁹⁴ Sæle 2021

⁹⁵ Henderson 2017: 374

⁹⁶ Sæle 2021

⁹⁷ Henderson 2017: 375

⁹⁸ Kessler 2011: 126-127

⁹⁹ Kessler 2011: 126

bekymra for korleis det ville ta seg ut på verdsbasis om han valde å seie nei og dermed miste sjansa til å arrangere OL.¹⁰⁰ Det å stengje ute folkegruppene som naziregimet vart sterkt imot var altså ikkje like viktig som å få sjansa til å vise seg fram på ein global arena. På den eine sida vart altså IOC ein sterk pådrivar for at undertrykte folkegrupper i Tyskland skulle få delta i OL og på denne måten eit viktig ledd på vegen mot ei meir mangfaldig og rettferdig verd. På den andre sida la IOC eigentleg berre føringar for korleis dei ville at dei olympiske leikane skulle gå føre seg, ikkje korleis menneskerettane i Tyskland skulle betrast for å sikre gode levevilkår for alle menneske i landet. For Hitler og naziregimet kom jo ikkje til å endre heile ideologien sin «berre» for å få arrangere OL, dei såg sjansa si til å på papiret vere samde med IOC og dei rettferdige retningslinjene for å få nytta seg av vertsrolla. Trusselen frå IOC si side var ikkje nokon trussel om boikott, men det la føringar for at andre land kunne utøve ein boikott på bakgrunn av IOC sitt sterke standpunkt. Likevel vart ikkje trusselen noko meir enn ein trussel, og naziregimet visste akkurat korleis dei skulle sno seg rundt denne trusselen for å gjere alle til lags.

Amerikanarane debatterte sterkt rundt ein eventuell boikott av leikane i Berlin.¹⁰¹ For Hitler så ville ein amerikansk boikott ha vore katastrofal, fordi dei ville ha mista ein sterk aktør på verdsbasis.¹⁰² Boikotten ville ha signalisert at ein mektig stormakt som USA var usamde i Hitlers måte å nytte seg av OL på, og at USA var å rekne som ein rettferdskjempar og ein vestleg lojal. Likevel er det lite som tyder for at ein boikott frå kven som helst ville ha hatt særleg stor effekt på naziregimet, slik planane deira var for framtida. Fleire akademikarar, blant dei Hans Joachim Teichler, argumenterer for at det faktum at boikotten mot OL i Berlin ikkje vart noko særleg av skapte den perfekte iscenesettinga for naziregimets OL.¹⁰³ Med det meiner han at det ikkje nødvendigvis berre er naziregimets ideologi og baktankar med vertsrolla som ligg til grunn for kritikken mot OL i Berlin i 1936, men like mykje andre internasjonale aktørar sin manglande evne til å gripe inn og boikotte leikane før det var for seint.¹⁰⁴

På ei anna side argumenterer akademikaren Umberto Tulli i sin artikkel *Bringing Human Rights In: The Campaign Against the 1980 Moscow Olympic Games and the Origins of the*

¹⁰⁰ Kessler 2011: 127

¹⁰¹ Kessler 2011: 130

¹⁰² Kessler 2011: 138

¹⁰³ Kessler 2011: 139

¹⁰⁴ Kessler 2011: 139

Nexus Between Human Rights and the Olympic Games, at det å skulle analysere boikottane av leikane i Berlin i 1936 gjennom eit menneskerettssyn er naivt og fullstendig i mot mange av dei arbeidsmetodane som historikarar arbeider etter.¹⁰⁵ Han meiner at boikotten av leikane i Berlin kom som ein reaksjon på brota av IOC sine diskrimineringslinjer, ikkje på brot av menneskerettane, og at det å skulle analysere boikotten som eit ledd i menneskerettsbevegelsen vil vere det same som å analysere fortida eine og aleine gjennom notida.¹⁰⁶ Som historikar kan ein ikkje tolke fortida berre gjennom notida, fordi vi i dag veit meir om kontekst og bakgrunn for ulike hendingar enn vi gjorde før. Det blir urettferdig og einsidig å skulle tolke boikotten av leikane i Berlin i 1936 utifrå noko vi i dag er godt kjende med men som dei den gong ikkje snakka så mykje om, nemleg menneskerettsbrot.

Difor argumenterer Tulli derimot for at boikotten handla om omverdas sterke reaksjonar på det faktum at IOC godkjende naziregimet som verdig vert for OL når det regimet hadde strenge reglar på at det berre var visse menneske frå visse samfunnsklassar, rasar og truvedkjenningar som fekk delta i leikane.¹⁰⁷ Vidare meiner Tulli at den sterke amerikanske deltakinga i boikotten ikkje handla om generelle menneskerettar for alle menneske, men spesielt for amerikanske borgarrettar.¹⁰⁸ Sjølve boikotten frå amerikansk side var sterkt påverka av naziregimets nekt av mørkhuda atletar i leikane, men det var like så viktig for amerikanarane å vise omverda at ingen fekk sjonglere rettane til amerikanske borgarar på den måten og den som gjorde det kom til å merke konsekvensane.¹⁰⁹ På denne måten fungerte boikotten av OL frå amerikansk side som eit motstykke til Tyskland sitt forsøk på å manipulere rettane til dei amerikanske utøvarane. På ei side fungerte ikkje boikotten av OL i Berlin i 1936 som eit direkte motstykke til sportsvasking i og med at vi ikkje kan seie at dei kjempa for menneskerettar slik vi kjenner dei i dag, med bakgrunn i Umberto Tulli sine argument. På ei anna side fungerte boikotten som eit motstykke til sportsvasking fordi den viser til boikott som ein viktig reiskap for å stille krav til vertslanda samt til dei boikottande aktørane si evne til å posisjonere seg som ei makt ein ikkje leikar med.

¹⁰⁵ Tulli 2016: 2027

¹⁰⁶ Tulli 2016: 2027

¹⁰⁷ Tulli 2016: 2027

¹⁰⁸ Tulli 2016: 2027

¹⁰⁹ Tulli 2016: 2027

Boikotten av OL i Moskva i 1980

I kjølvatnet av den kalde krigen vart debattar om menneskerettar meir og meir vanleg, og det sto sterkt i fokus når land skulle opprette vennskap og vidare forbindelsar.¹¹⁰ Det som blir rekna som den fyrste boikotten av eit OL knytt til menneskerettsbrot er boikotten mot OL i Moskva i 1980.¹¹¹ Umberto Tulli skriv om korleis boikotten av leikane i Moskva i 1980 er det perfekte eksempelet når ein skal studere effekten boikott har på transnasjonal historie, altså korleis menneskar, mønster og samfunn heng saman.¹¹² Det oppsto tidleg debattar om å utnytte leikane til å gjere store framsteg på menneskerettsfronten, og dei fleste landa i Europa var samde i avgjerda om å skulle boikotte OL.¹¹³ I alt var det heile 65 land som deltok i boikotten av leikane i Moskva i 1980, eit teikn på den globale misnøya til Sovjetunionens politikk.¹¹⁴ Det vart lagt fram ein plan der landa i Europa skulle utøve ytterlegare makt overfor Sovjetunionen ved å be sine olympiske komitear om å be sine utøvarar om å avstå frå leikane i Moskva.¹¹⁵

Her ser ein at det ikkje berre var vertslanda som nytta seg av OL til politiske og økonomiske årsakar – leikane vart òg utnytta av organisasjonane rundt arrangementet, og ikkje minst av deltakarlanda, spesielt gjennom boikotting.¹¹⁶ Nokre amerikanarar i Amnesty International var svært interesserte i å nytte OL i Moskva til å påverke resten av verda sitt syn på Sovjetunionen.¹¹⁷ Kanskje litt paradoksalt så var det òg somme som håpa at det at Moskva skulle få arrangere OL skulle bikke Sovjetunionen over i eit meir liberalt spor og at dei skulle innsjå at ei forbetring av menneskerettane i landet var på høg tid aktuelt.¹¹⁸ Her ser vi enda eit godt eksempel på at det ikkje berre er vertslanda som nyttar seg av dei olympiske leikane til å fremje egne interesser og framsteg i verda. Forskjellen er at organisasjonar som Amnesty eller IOC ser moglegheiter til å utnytte OL til å skape endring i vertslandet gjennom boikott og truslar, medan vertslandet ser moglegheiter til å anten konsolidere makt eller spreie makt og til å skape eit betre inntrykk av seg sjølve enn det som faktisk er realiteten.

¹¹⁰ Tulli 2016: 2027

¹¹¹ Tulli 2016: 2027

¹¹² Tulli 2016: 2028

¹¹³ Tulli 2016: 2037

¹¹⁴ Kramavera & Grix 2018: 1414

¹¹⁵ Tulli 2016: 2028

¹¹⁶ Tulli 2016: 2029-2030

¹¹⁷ Tulli 2016: 2030

¹¹⁸ Tulli 2016: 2029

Men ikkje alle var like einige i å bruke boikotten av OL i Moskva som ein reiskap for å betre menneskerettane i Sovjetunionen.¹¹⁹ Fleire amerikansk-jødiske organisasjonar tok til orde for å hindre at Moskva i det heile teke fekk leikane, då dei meinte at det ville vere grove brot på det IOC sto inne for av menneskerettar og verdiar.¹²⁰ Det som er så interessant her er at det no oppsto ein trussel mot boikotten av leikane i Moskva, og den vart sett på som ein enda større trussel mot menneskerettane enn det å skulle gje Sovjetunionen leikane i utgangspunktet.¹²¹ Det viser til ei tru på at ein boikott av OL har større effekt på betring av menneskerettar enn det å gje landet sjansa til å arrangere leikane og på den måten krevje at dei betrar levevilkår som eit slags «vinn eller forsvinn»-moment.

Òg i Moskva gjekk USA fremst i kampen for å boikotte leikane på bakgrunn av Sovjetunionens invasjon av Afghanistan i 1979.¹²² På den eine sida vart denne invasjonen brukt for alt den var verdt i amerikanske augo då det å skulle boikotte dei olympiske leikane i Moskva i 1980 ville sende eit signal til resten av verda om at USA var eit land å finne i førarsetet av bevegelsar for fridom og rettferd.¹²³ På denne måten ville USA nytte seg av boikotting til å setje søkeljoset på seg sjølve og gje resten av verda, samt sine egne borgarar, inntrykket av at dei var villige til å gå langt for å hindre Sovjetunionen i frå å dominere slik dei til tider hadde gjort gjennom historia.¹²⁴

Vidare var det fleire land og aktørar som gjekk inn for å støtte opp under ein boikott av leikane i Moskva. Ein slik aktør var Europaparlamentet som såg ei moglegheit til å nytte seg av den menneskerettsbaserte boikotten av OL i Moskva til å konsolidere sin eigen posisjon i den europeiske samanhengen.¹²⁵ Dei fann ut at det å boikotte leikane i Moskva ville sende tydelege signal ut i det europeiske samfunnet om at dei var ei makt å rekne med når det kom til å skape rettferd i verda. Storbritannia var òg for ein boikott og forsøkte å overtale sine utøvarar til å ikkje konkurrere i leikane.¹²⁶ Dei såg med same avsky på OL i Moskva som dei hadde gjort med OL i Berlin i 1936, og britiske parti som eigentleg var ueinige i fleire politiske saker fann saman under eitt felles mål om å boikotte leikane i Moskva.¹²⁷ Britane

¹¹⁹ Tulli 2016: 2029

¹²⁰ Tulli 2016: 2029

¹²¹ Tulli 2016: 2029

¹²² McDermott & Scherer 2019: 321

¹²³ McDermott & Scherer 2019: 321

¹²⁴ McDermott & Scherer 2019: 322

¹²⁵ Tulli 2016: 2029

¹²⁶ Tulli 2016: 2030

¹²⁷ Tulli 2016: 2030

meinte dette ville sende tydelege signal om kor absurd det var at Sovjetunionen skulle få arrangere OL under så grove menneskerettsbrot.¹²⁸ Debatten i Europaparlamentet var lik som den i Storbritannia, og begge var sterke forkjemparar for at OL ikkje skulle arrangerast i land der menneskerettar ikkje tilfredsstilte krava.¹²⁹ På den andre sida var derimot begge partar samde i at det var ein viss risiko ved å leggje politisk press på IOC og Sovjetunionen.¹³⁰ Ein kan tenkje seg at det var risikabelt fordi det ville setje dei søkeljoset og setje press på eventuelle framtidige konflikhtar eller samarbeid mellom landa.

Likevel fekk Europaparlamentet større merksemd for sitt ynskje om å boikotte OL i Moskva enn amerikanarane.¹³¹ Som eit motstykke til Sovjetunionens ynskje om å avgrense enkelte lands tilgang til kringkastinga av leikane, gjekk Europaparlamentet ut og sa at ein boikott kom til å finne stad om ikkje Sovjetunionen sa seg einige i retningslinjene frå parlamentet og IOC.¹³² Boikotttrusselen innebar ei sikring av rettar til båe utøvarar, media og organisasjonar, men viktigare var Europaparlamentet sitt forsøk for å gjere Moskva-leikene om til eit prosjekt for å betre menneskerettsforholda i resten av verda.¹³³ Det er viktig å hugse at Europaparlamentet hadde gått frå å vere ei maktlaus samling til å vere ei vald folkesamling med makt på denne tida, og boikotten av OL i Moskva vart difor viktig på to punkt for Europaparlamentet.¹³⁴ På den eine sida sto menneskerettane i fokus, og formålet med å boikotte OL i Moskva var i stor grad basert på ynsket om å betre vilkåra i Sovjetunionen, men på den andre sida var det eit stort symbolsk steg for Europaparlamentet fordi dei ville setje seg sjølve i ein posisjon der dei beviste for resten av verda at dei fortjente og tok vare på den makta dei vart tildelt, og at dei var til å stole på i viktige politiske avgjerder i tida framover, spesielt i Europa.¹³⁵

Her ser vi fellestrekk mellom boikotten i 1936 og boikotten i 1980, og måten stormakter som USA nytta seg av boikotting til å hevde seg sjølv som ein fredsmeglar på verdsbasis. Det er altså ikkje berre vertsrolla i OL som skapar ei gylden moglegheit for vertslanda til å drive sportsvasking på, boikotting av OL er òg ein måte for dei boikottande aktørane til å rette

¹²⁸ Tulli 2016: 2030

¹²⁹ Tulli 2016: 2033

¹³⁰ Tulli 2016: 2033

¹³¹ Tulli 2016: 2034

¹³² Tulli 2016: 2034

¹³³ Tulli 2016: 2034

¹³⁴ Tulli 2016: 2034

¹³⁵ Tulli 2016: 2034

fokuset på seg sjølve. Boikotten av OL i Moskva i 1980 vart på denne måten heller ikkje eit motstykke til sportsvasking, for sjølv om boikotten hadde som mål å hindre sportsvasking i frå å skje, så kan ein like enkelt kalle det dei boikottande aktørane gjorde for å oppnå sine mål for sportsvasking. Dei nytta seg av rolla si som boikottar til å setje fokus på sine kampsaker og sin ideologi, og forsøkte å spreie eit glansbilete av seg sjølve som motstandarar av menneskerettsbrot og utnyttinga av OL. Sportsvasking er eit breitt og komplisert omgrep, og opnar for fleire tolkingar. Såleis er ikkje sjølv prosessen med å boikotte fri for kritikk når det kjem til sportsvasking fordi det i botn handlar om å framstille seg sjølv og egne interesser.

Boikotten av OL i Vancouver i 2010

OL i Vancouver i 2010 hadde òg tydelege innslag av utanforståande aktørar som ville nytte seg av leikane til å fremje egne interesser og mål. Det var klimaaktivistar og fattigdomsaktivistar frå heile verda, samt ei rekkje kanadiske organisasjonar som alle såg si moglegheit til å nytte dei olympiske leikane til sin fordel.¹³⁶ Interessant er det faktum at Canada var med på det amerikanske initiativet til å boikotte dei olympiske leikane i Moskva i 1980, ein boikott som i stor grad handla om at verda hadde sett seg lei av Sovjetunionens ynskje om verdsdominans gjennom brutale invasjonar og menneskerettsbrot.¹³⁷ Vidare la dei aktivistane som var for ein boikott av dei olympiske leikane i Vancouver i 2010 vekt på menneskerettane til urfolket, dei økonomiske aspekta ved å vere vertsland og borgarrettigheitene.¹³⁸ Det var aktivistar som var i mot heile konseptet med dei olympiske leikane, og dei gjorde sitt for å nytte OL i Vancouver i 2010 til sitt formål.¹³⁹

Det vi ser her er at boikotting av store sportsarrangement, slik som OL, ikkje fungerer som eit motstykke til sportsvasking. Sjølv om eit land offisielt utøver ein boikott på bakgrunn av å ville rette fokus på at menneskerettsbrot og dårlege vilkår, er det likevel utruleg mange eksempel på at det som skjer bak lukka dører og det som ikkje blir presentert for offentlegheita handlar om å bruke boikotten til eiga vinning. Sporten er pengar, makt og innflytelse. Dei rike får meir, medan dei fattige får mindre. Det føregår utnytting av menneskelege ressursar for å bygge arenaer, stadion og husrom til tilskodarar og utøvarar, samstundes som naturområde og mangfald blir øydelagd. Det var det som var saken i Canada.

¹³⁶ McDermott & Scherer 2019: 321

¹³⁷ McDermott & Scherer 2019: 321

¹³⁸ Boykoff 2011: 48

¹³⁹ Boykoff 2011: 49

Likevel var det ikkje særleg motstand mot leikane i Canada, men det syner til at ein alltid kan greie å finne ein måte å gjere OL om til noko meir enn berre sport på, slik som klimaaktivistane forsøkte på i Vancouver.

Boikotten av OL i Beijing i 2022

USA og president Joe Biden valde å utøve ein diplomatisk boikott av leikane i Beijing i 2022.¹⁴⁰ Her skulle amerikanske utøvarar få lov til å delta i leikane, men USA nekta å sende delegasjonar som eit sterkt symbolsk standpunkt.¹⁴¹ Grunnen til at dei valde å «berre» ta ein diplomatisk boikott og ikkje ein fullverdig boikott var fordi dei ikkje ville straffe dei amerikanske utøvarane som hadde arbeidd så lenge mot leikane og som hadde investert tid og pengar i å delta.¹⁴² Bakgrunnen for denne amerikanske boikotten var dei grove menneskerettsbrota i Kina, trakasseringa av minoritetar og det da pågåande folkemordet av urfolket uygurane.¹⁴³ USA kunne ikkje som ein demokratisk og inkluderande stat stå inne for å støtte så grove menneskerettsbrot då det ville gje dei eit svært dårleg rykte globalt.¹⁴⁴ Nokre politikarar i USA var ikkje tilfreds med at det ikkje vart gjennomført ein full boikott, men Biden og hans regjering var sikre på at det ville sende eit tydeleg nok signal til både Kina og omverda om at dei ikkje godtok folkemordet på uygurane.¹⁴⁵ Vidare var det fleire land som støtta USA og vart med i den diplomatiske boikotten, blant anna Danmark, Canada, Australia og Storbritannia.

Ikkje overraskande gjekk Kina ut og sa at den diplomatiske boikotten til USA ikkje var meir enn eit politisk stunt der amerikanarane forsøkte å framstille seg sjølve i eit betre ljøs ved å boikotte leikane i Beijing, og at dei eigentleg hadde motteke søknader om å dele ut visum til amerikanske diplomatar.¹⁴⁶ Dette vart avkrefta av USA som meinte det var sikkerheitsfolk som var ei sjølvfølge i slike store sportsarrangement, og at det ikkje betydde at dei støtta leikane i Beijing.¹⁴⁷ Vidare erklærte utanriksministeren i Kina at boikotten kom til å få sterke

¹⁴⁰ Boykoff 2022: 2

¹⁴¹ Eichensehr 2022: 433

¹⁴² Eichensehr 2022: 437

¹⁴³ Eichensehr 2022: 437

¹⁴⁴ Eichensehr 2022: 437

¹⁴⁵ Eichensehr 2022: 437

¹⁴⁶ Eichensehr 2022: 438

¹⁴⁷ Eichensehr 2022: 438

konsekvensar frå kinesisk side, og at dei hadde sett seg lei av statar som gjorde sporten om til ein politisk slagmark.¹⁴⁸

Her ser vi kor viktig det er å nytte seg av analyser av noko meir nylege OL, i og med at diplomatisk boikotting i større grad blir nytta når det kjem til boikotting av OL. Det viser til det fellesskapet som oppstår ved boikotting og korleis det fungerer som ein måte å finne ut av kven som er på same side i det store politiske spelet. Boikotten av OL i Beijing i 2022 verka i stor grad som eit motstykke til sportsvasking då det synte til eit mindre fokus på landa som boikotta og eit større fokus på kvifor dei boikotta. På denne måten var det ikkje særleg stort spelerom for å ha politiske baktankar med boikotten men det handla meir om at menneskerettskampen skulle stå i fokus og at dei landa som deltok i boikotten skulle gjere det for å vidareføre sitt rettferdige og demokratiske ståsted i verda.

Konklusjon

Oppgåva har no sett på fire ulike OL og korleis dei ulike vertslanda har nytta seg av rolla si. I Berlin i 1936 var IOC tidleg ute med å vedkjenne at Tyskland hadde store utfordringar med menneskerettane og det å inkludere jødane og andre minoritetar. Dei møtte stor motstand då dei annonserte at dei i det heile teke vurderte å gje dei olympiske leikane til Berlin, men køyrde på med sin plan om å gje dei leikane. Hitler og naziregimet såg tidleg fordelane ved å vere vertsland for OL og var ikkje redde for å si seg einige med IOC og deira retningslinjer for menneskerettar, inkludering og nulltoleranse for diskriminering for å få vertsstatusen sin. Den globale arenaen som OL er ville setje dei på kartet, om det var på ein positiv eller negativ måte ville berre tida vise. Hitler var i alle fall klar over at leikane måtte gjennomførast prikkfritt for at dei ikkje skulle bli avslørt i sine eigentlege mål med vertsstatusen. På ei anna side var det svært viktig for Tyskland å vise fram den atletiske styrka i landet, og sett i etterkant var det ei åtvaring til resten av verda der dei fekk vist fram den sportslege styrka si som dei meinte tilsvara den militære styrka. Vidare er det naudsynt å hugse på at ein ikkje kan tolke fortida berre utifrå notida, og at det blir feil å seie at det var openbart at Hitler hadde store militære formål med vertsrolla si og at menneskerettsbrota var eit frampeik på det som skulle kome mot slutten av 1930-talet og utover 1940-talet. Det same gjeld boikotten av leikane i Berlin i 1936, der Umberto Tulli i stor grad argumenterer for at boikotten fungerte

¹⁴⁸ Eichensehr 2022: 437

som ein reaksjon på brota til IOC sine diskrimineringslinjer og ikkje brota på menneskerettane, nettopp fordi menneskerettar ikkje sto i fokus så tidleg på 1900-talet.

Dei olympiske leikane i Berlin i 1936 var i aller høgste grad sportsvasking både når ein ser på grunnane til at Hitler og naziregimet ville arrangere leikane, og når ein ser på kven som valde å boikotte leikane og på kva grunnlag. OL i Berlin var prega av ein vertsnasjon som ville skape seg eit større namn på verdsbasis og ei rekkje menneskerettsbrot som vart dekt over med det sportslege rundt OL. Når det kjem til graden av sportsvasking så er det ikkje berre vertslandet som fekk kritikk, men like eins aktørane rundt for den manglande evna til å gripe inn og stoppe leikane frå å finne stad i fyrste omgang.

OL i Moskva i 1980 sette òg fart på menneskerettsaktivistar og andre organisasjonar som arbeidde for menneskerettar. Det var sterke reaksjonar på at IOC delte ut dei olympiske leikane til eit land som var under sterk kritikk for å ha invadert Afghanistan og ha så dårlege menneskerettsforhold. Sovjetunionen såg på si side mange moglegheiter til å få blanke ark ved å arrangere OL, då dei såg på vertsrolla si som den perfekte måten å reinvaske seg sjølve på. Ære og identitet sto i fokus for Sovjetunionen, og når heile 65 land valde å boikotte dei olympiske leikane fekk landet seg ein skikkeleg realitetssjekk. Boikotten av OL i Moskva i 1980 er å rekne som den fyrste boikotten der brot på menneskerettane sto i fokus, og det bidrog sterkt til å svekke ryktet til OL. Boikotten synte at det ikkje berre er vertslanda av OL som nyttar seg av rolla si til å få sporten til å handle om noko heilt anna enn sport, og både Amnesty og IOC såg moglegheiter med å gjere leikane i Moskva om til ein arena for menneskerettssaken. Europaparlamentet hadde fått ei sterkare rolle i Europa og nytta seg av boikotten til å konsolidere sin posisjon som aktiv deltakar i viktige transnasjonale avgjerder. Sportsvasking nådde høge toppar under OL i Moskva i 1980, både frå vertslanda si side og frå dei boikottande partane si side.

OL i Vancouver i 2010 viser til at ikkje alle OL er så kontroversielle som det i Moskva og i Berlin. Det var eit fint OL med stort fokus på å spreie idretts glede, samhald og å skape nye vennskap på tvers av landegrensar. Samstundes fekk Canada likevel kritikk for måten dei nytta landområde til å byggje OL-arenaer på, samt at dei la vekk fokuset på å betre levekåra til dei fattigaste i landet til fordel for å satse på leikane i 2010. Dei såg sjansa si til å nytte seg av vertsrolla til å gjere Canada meir kjend for resten av verda, og leggje til rette for at utøvarane og tilskodarane skulle få ei så fin oppleving som mogleg. Likevel slapp heller ikkje

Canada unna menneskerettsaktivistane, som peikte på Canada si rolle i krigen i Afghanistan på den tida og behandlinga av fangane der. Det vart retta stort fokus på dei menneskerettsbrota dei var med på å bidrege til i Afghanistan, og at dei burde ta tak i dei handlingane og snu oppførselen for å kunne få arrangere OL. Krigen hadde såleis gjort Canada noko upopulære, og OL i Vancouver vart arenaen for å betre både verda og dei innanlandske aktørane sitt syn på Canada. OL i Vancouver, til trass for at det var mindre kontroversielt enn mange andre OL, viser til at den internasjonale merksemda som vertslanda får ved å arrangere leikane kan grave opp sjølv dei best gøymde hemmelegheiter. Det vart ikkje særleg til boikott av leikane i Vancouver i 2010, men dei som var for ein boikott la vekt på menneskerettsbrota til urfolket, den dårlege økonomiske forvaltninga og bruken av landeområde.

Kina hadde som mål å nytte seg av vertsrolla si til å vise fram den privilegerte og flotte staten som dei meinte Kina var. OL i Beijing i 2022 skulle vere eit show for å imponere tilskodarane og har både i åra før leikane sette i gong og i månadene etter vorte beskrive som eit rikmannsarrangement. Det betyr at dei skulle vise luksus og velstand og gje resten av verda inntrykket av at dei var eit moderne samfunn. Det er ikkje skrive så mange fagfelleverderte artiklar rundt menneskerettsbrota i OL i Beijing i 2022 og korleis Kina nytta seg av vertsrolla si til å reinvaske seg sjølve, men det er likevel aktuelt å ta dei med i analysen av slike spørsmål då verda i dag er mykje meir knytt saman og kringkastinga av OL har større og annleis ringverknader no enn før. Kina fekk fyrst og fremst stor kritikk for å arrangere OL midt i COVID-19 pandemien og at dei sette både utøvarane og tilskodarane sine liv i fare. Vidare fekk dei stor kritikk for menneskerettsbrota og folkemordet på uygurane, eit urfolk som Kina i mange år har diskriminert. Det var tydeleg teikn til sportsvasking i leikane i Beijing i 2022 då dei openbart nytta seg av det store publisiteten som var rundt OL og spesielt opningsseremonien der ein uygurar fekk tenne OL-elden for å sende positive signal ut i verda om at dei behandla alle menneske av alle trussamfunn og etnisitetar med respekt.

Ein annan grunn til å inkludere OL i Beijing i 2022 i denne oppgåva er måten bruken av boikotting hadde endra seg frå for eksempel Vancouver i 2010 til 2022. USA gjekk atter ein gong fremst i boikottbevegelsen, fylgd av ei rekkje andre demokratiske land, men denne gongen var det ein diplomatisk boikott som skulle gå føre seg. Boikotten skulle ikkje gå utover utøvarane som hadde lagt ned timar, ressursar og pengar i å få konkurrere i OL. Dei boikottande partane meinte at ein diplomatisk boikott ville sende endå sterkare signal, og det

viser til bruken av boikott som eit motstykke til sportsvasking då det la større vekt på kvifor dei boikotta i staden for eit fokus på kva land som boikotta.

Det har ikkje vorte forska særleg på nettopp kvifor det er slik at OL har vorte ein arena for menneskerettar, men ved å studere ulike OL gjennom tidene har oppgåva likevel funne fram til nokre svar. For det fyrste har vi sett at sportsvasking, sjølv om omgrepet ikkje har kome før i seinare tid, har eksistert så lenge sporten har eksistert. OL har vorte synonymt med menneskerettsbrot, løgn, økonomisk vinning og reinvasking. Gjennom fleire eksempel i kvart OL har oppgåva vist at det er svært vanskeleg å arrangere OL utan å vere skuldig i sportsvasking. For det andre viser oppgåva at IOC spelar ei stor rolle i den dårlege utviklinga av menneskerettane i OL. Dei har lovar som seier at OL ikkje skal nyttast til å sette søkeljoset på menneskerettsbrot, verken av vertsland eller tilskodarar, aktivistar eller organisasjonar. Dei har heller ingen ledd som sikrar at menneskerettane i vertslanda er tilfredsstillande. Når den internasjonale olympiske komiteen ikkje har særleg kontroll på menneskerettane i OL så blir oppgåva lagt på dei som står utanfor, og dette har i dei siste åra vore organisasjonar og andre institusjonar. IOC har ein lang prosess med å bestemme kven som skal få OL, og dette skapar både utfordringar og moglegheiter til betring av menneskerettane. På ei side gjev det landa tid til å betre menneskerettsforholda og eventuelle andre saker før leikane set i gong, men på ei anna side gjev det vertslanda tid til å dekkje over for brota og samstundes finne ut korleis dei skal lage ei fasade som tek fokuset vekk frå dei faktiske forholda i landet. IOC har med andre ord mykje å arbeide med når det kjem til å kvalitetssikre OL samt det å sikre menneskerettane til alle som er inkludert i leikane. At OL er vorte synonymt med sportsvasking skapar utfordringar for den vidare overlevinga av leikane.

Avslutningsvis er boikotting av OL ein sterk måte å utøve ytterlegare makt på. OL i Moskva i 1980 var fyrste OL der menneskerettsbrot vart brukt som grunn til å boikotte OL, og det beviste at dei landa som valde å boikotte OL fekk stor makt i form av at andre land såg til dei som forkjemparar for rettferdigheit, fridom og demokrati. På ein måte er ikkje dette så langt i frå sportsvasking, då dei boikottande landa òg nytta seg av OL til å danne seg eit glansbilete. Med den etiske problemstillinga som sportsvasking inneber så vil ein alltid kunne finne positive og negative faktorar ved sportslege arrangement og boikotting av dei. Somme land vil nytte seg av vertsrolla under OL til å fremje gode og moderne verdiar som legg til rette for eit godt samfunn, og ein kan ikkje gløyme at OL og sporten i botn og grunn handlar om fellesskap, respekt, idrettsglede og framsteg. Likevel vil sportsvasking eksistere så lenge

sporten eksisterer, og det er naudsynt at organisasjonar og land står opp mot den negative utviklinga av OL for å sikre ei rettferdig verd. For å kome dit treng vi at fleire står opp mot menneskerettsbrot og nyttar seg av den mektige reiskapen boikotting er for å vise vertsland at dei verdiane som OL skal stå for framleis gjeld, og at brot på dei og andre menneskerettar ikkje går usett. Det trengs òg vidare forskning på feltet, spesielt med fokus på menneskerettsbrot i samband med OL. For å nå desse måla treng ein eit brennande ynskje om å ville endre den negative trenden med sportsvasking i OL, og samstundes ha håp for framtida om at OL skal kunne arrangerast utan at det påverkar økonomiske, menneskelege og politiske ressursar på ein negativ måte.

Litteraturliste

- Boykoff, J. (2011). Space Matters: The 2010 Winter Olympics and ITS Discontents. *Human Geography*, 4(2), s. 48-60. <https://doi.org/10.1177/194277861100400204>
- Boykoff, J. (2022). Framing the Games: US Media Coverage of the Beijing 2022 Winter Olympics. *Communication and Sport*, s. 1-21.
- Coates, D. (2017). Weaponization of Sports: The Battle for World Influence through Sporting Success. *The Independent Review (Oakland, Calif.)*, 22(2), s. 215-221.
- Eichensehr, K. E. (2022). United States Pressures China Over Human Rights Abuses. *The American Journal of International Law*, 116(2), s. 433-438.
<https://doi.org/10.1017/ajil.2022.8>
- Heck, S. (2011). «A Blond, Broad-shouldered Athlete with Bright Grey-blue Eyes»: German Propaganda and Gotthardt Handrick´s Victory in Modern Pentathlon at the Nazis´ Olympics in 1936. *Journal of Sport History*, 38(2), s. 255-274.
- Henderson, A. M. (2017). Mega Sporting Events Procedures and Human Rights. *American Indian Law Review*, 41(2), s. 367-407.
- Karadakis, K. & Kaplanidou, K. (2012). Legacy perceptions among host and non-host Olympic Games residents: a longitudinal study of the 2010 Vancouver Olympic Games. *European Sport Management Quarterly*, 12(3), s. 243-264.
<https://doi.org/10.1080/16184742.2012.680067>
- Kessler, M. (2011). Only Nazi Games? Berlin 1936: The Olympic Games Between Sports and Politics. *Socialism and Democracy*, 25(2), s. 125-143.
<https://doi.org/10.1080/08854300.2011.579476>
- Keys, B. (2018). Harnessing Human Rights to the Olympic Games. *Journal of Contemporary History*, 53(2), s. 415-438. <https://doi.org/10.1177/0022009416667791>

- Kramavera, N. & Grix, J. (2018). «War and Peace» at the 1980 Moscow and 2014 Sochi Olympics: The Role of Hard and Soft Power in Russian Identity. *International Journal of the History of Sport*, 35(14), s. 1407-1427.
<https://doi.org/10.1080/09523367.2019.1610400>
- Lee, J. W. (2021). Olympic Winter Games in Non-Western Cities: State, Sport and Cultural Diplomacy in Sochi 2014, PyeongChang 2018 and Beijing 2022. *International Journal of the History of Sport*, 38(13-14), s. 1494-1515.
<https://doi.org/10.1080/09523367.2021.1973441>
- McDermott, L. & Scherer, J. (2019). The 2010 Vancouver Olympics and Canada's War in Afghanistan: The Intersection of Sporting Spectacle and the Politics of Precariousness. *Journal of Canadian Studies*, 53(2), s. 318-352. <https://doi.org/10.3138/jcs.2018-0021>
- Sæle, O. O. (2021, 22. desember). Sportsvasking. I *Store norske leksikon*. Henta 20. oktober 2022 frå <https://snl.no/sportsvasking>
- Tulli, U. (2016). Bringing Human Rights In: The Campaign Against the 1980 Moscow Olympic Games and the Origins of the Nexus Between Human Rights and the Olympic Games. *International Journal of the History of Sport*, 33(16), s. 2026-2045.
<https://doi.org/10.1080/09523367.2017.1315104>
- Vanwynsberghe, R., Surborg, B. & Wuly, E. (2013). When the Games come to Town: Neoliberalism, Mega-Events and Social Inclusion in the Vancouver 2010 Winter Olympic Games. *International Journal of Urban and Regional Research*, 37(6), s. 2074-2093. <https://doi.org/10.1111/j.1468-2427.2012.01105.x>
- Venters, S. (2016). «Would You Die for the Fatherland?»: Disciplining the German Commemorative Body. *Theatre History Studies*, 35(1), s. 39-71.
<https://doi.org/10.1353/th.2016.0000>

